



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Sjå adressatliste

Dykkar ref.

Vår ref.
16/1243 EO OKL/bj

Dato
25.02.2016

Høyring - Evalueringen av offentleglova

Oxford Research AS har i perioden desember 2014 til desember 2015 gjennomført ei evaluering av offentleglova etter oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet. Evalueringa har bakgrunn i vedtak frå Stortinget i 2006.

Evalueringsrapporten vart oversendt til departementet ved årsskiftet 2015/16. Endeleg versjon av rapporten ligg ved her. Rapporten er òg tilgjengeleg på <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/innsyn-i-forvaltningen/id2469874/>.

Vi inviterer med dette høyringsinstansane til å koma med innspel og kommentarar til rapporten.

Høyringsinstansane kan samstundes koma med innspel om eventuelle behov for lov- og forskriftsendringar på området, uavhengig av om dei konkrete områda er omtala i evalueringsrapporten eller ikkje. Slike innspel bør innehalde ei grunngjeving og ei mest mogleg konkret formulering til dei endringane ein meiner det er behov for.

Vi ber om at høyringsinstansane vurderer om dei bør sende høyringsbrevet og rapporten vidare til underordna eller tilknytte organ som ikkje står på høyringslista.

Mange offentleg kontrollerte sjølvstendige rettssubjekt er eller kan vera omfatta av offentleglova, jf. offentleglova § 2 fyrste ledd fyrste punktum bokstav c og d. Dette kan gjelde selskap og andre rettssubjekt som direkte eller indirekte er heilt eller dels eigde av offentlege organ, eller stiftingar og andre rettssubjekt som ikkje har eigarar, dersom offentlege organ direkte eller indirekte vel fleirtalet av medlemar til styret eller

tilsvarende organ i rettssubjektet. Vi ber om at høyringsinstansar som har eller forvaltar slikt eigarskap, eller står for val av medlemar til styret eller tilsvarende organ i stiftingar eller liknande rettssubjekt, vurderer om dei bør sende høyringsbrevet og rapporten vidare til slike sjølvstendige rettssubjekt som ikkje står på lista over høyringsinstansar.

Høyringsinnspel må fremjast seinast **25. mai 2016**.

Høyringsuttaler bør i utgangspunktet sendast inn digitalt på regjeringen.no under «Send inn høyringssvar». Her kan ein registrere seg, mellomlagre ei uttale og laste opp vedlegg. Alternativt kan høyringssvar sendast til Justis- og beredskapsdepartementet, i utgangspunktet på e-post, til: lovavdelingen@jd.dep.no. Alle kan avgje høyringsuttale, men merk at uttalene som eit klart utgangspunkt er offentlege etter offentleglova og normalt blir publiserte på nettet saman med dei andre høyringsuttalene.

Med vennleg helsing

Ole Knut Løstegaard e.f.
lovrådgjevar

Berit Johansen
seniorkonsulent

Dokumentet er godkjent og sendes uten signatur

Vedlegg:

- Evalueringsrapporten
- Høyringsliste